


# Sluttrapport Løvland bustadfelt

25.11.2020



PROSJEKTINFORMASJON		
Prosjekttittel: Løvland Bustadfelt	Saksnr.: 20/2401	Prosjektnr.: 030049
Type prosjekt: Bustadfelt	Byggherre: Volda kommune	Sektor: Samfunnsutvikling

## Innhold

1. INNLEIING .....	3
1.1 PROSJEKTINNHOLD .....	3
1.2 KONTRAKTER I PROSJEKT .....	3
2. ØKONOMISK RESULTAT .....	3
2.1 GODKJENDE LØYVINGAR .....	3
2.2 KOSTNAD .....	3
2.3 HOVUDTAL.....	4
2.4 ØKONOMISK RESULTAT .....	4
2.5 GRUNNGIVING AV RESULTAT .....	4
3. FRAMDRIFT .....	4
3.1 VURDERING FRAMDRIFT .....	4
4 HMS .....	5
4.1 TILTAK .....	5
4.2 VURDERING HMS.....	5
5 KVALITET .....	5
5.1 RUTINER FOR KVALITETSSIKRING AV SLUTTPRODUKT .....	5
5.2 TILTAK .....	5
5.3 VURDERING AV KVALITET .....	6

## 1. INNLEIING

### 1.1 PROSJEKTINNHOLD

Utvikling av bustadtomter i Volda kommune. Omfattar tomteareal, tilkomstveg, vegar i feltet, straumtilførsel, veglys, oppgradering av VA-anlegg, masseutskifting m.m.

### 1.2 KONTRAKTER I PROSJEKT

Emne	Firma	Innkjøpsform	Kontrakt
<b>PROSJEKTERING</b>	Nordplan AS	Avgrensa anbodskonkurranse	
<b>UTFØRING</b>	Aurstad Tunell AS	Open anbodskonkurranse	NS 8405

## 2. ØKONOMISK RESULTAT

### 2.1 GODKJENDE LØYVINGAR

Budsjett eks. mva.				
<b>Budsjett Hornindal kommune</b>				25 400 000 kr
<b>Budsjett grunnkjøp Hornindal kommune</b>				3 005 000 kr
<b>Tillegssløyving frå Volda kommune</b>				7 127 464 kr
<b>Totalfinansiering</b>				35 532 464 kr

### 2.2 KOSTNAD

Kostnader prosjekt				
<b>Aurstad Tunnell AS</b>				28 324 402 kr
<b>Prosjektering og advokathonorar</b>				223 000 kr
<b>Byggeleing Nordplan (ink. omprosjektering)</b>				992 495 kr
<b>Byggeleing Volda kommune</b>				252 470 kr
<b>Prosjekthotell</b>				85 000kr
<b>Mørenett anleggsbidra</b>				1 070 000 kr
<b>Pumpestasjon vatn</b>				- kr
<b>Asfaltering</b>				1 505 736 kr
<b>Andre tillegg</b>				49 797kr
<b>Grunnkjøp</b>				3 030 518 kr
<b>Totalkostnad</b>				35 532 464 kr

## 2.3 HOVUDTAL

Alle tal som er lagt til grunn i denne rapporten strekkjer seg frå perioden frå 01.01.2019 og fram til komplett ferdig utført prosjekt i August 2020. Det vil kome nokre mindre kostnader i etterkant av sluttrapporten, men desse er tatt høgde for i sluttrapportering.

Hovudtala er vist i tabell under:

<b>Totalkostnad prosjekt med grunnkjøp</b>	<b>35 532 000 kr</b>
<b>Løyving Prosjekt med Grunnkjøp</b>	35 532 000 kr
<b>Balanse Prosjekt med Grunnkjøp</b>	0 kr

## 2.4 ØKONOMISK RESULTAT

Nøkkeltala i kap. 2.3 viser at prosjektet gjekk ut i balanse, medrekna tilleggsloøyving på 7,1 mill i 2020

## 2.5 GRUNNGIVING AV RESULTAT

Prosjektet hadde klare manglar knytt til prosjektering av bustadfeltet.

I prosjektet var det lagt til grunn at det var mykje fjell i grunnen. Det vart ikkje tatt grunnundersøkingar eller henta inn lokale vurderingar knytt til grunnforhold som at grunneigarane vart spurt om slike forhold. Erfaring viser og at prosjektoppfølginga kunne vore vesentleg betre i gjennomføringsfase. Når ein på våren 2020 avdekte at prosjektet ville gå utover løyvd ramme med 7,1 millionar kroner var det for seint å redusere utbygginga. Volda kommune gav tilleggsloøyving til prosjektet for å ferdigstille bustadfeltet best mogleg.

## 3. FRAMDRIFT

### 3.1 VURDERING FRAMDRIFT

Ferdigstilling er skyvd med 8 månader i høve opprinneleg prosjektplan. Dette skuldast tilhøve knytt til prosjektering, planlegging før oppstart, grunnavtalar og prosjektleiing.

I utførelsefase har entreprenør fått tillagt meir arbeid utover kontrakt, hovudsakeleg med auka anleggstid og riggkostnader, etablering av lagringsplass for overskotsmasser og tilføring av berelagsmasse. Ein naturleg konsekvens var utvida frist for ferdigstilling. Anlegget vart drive framover kontinuerleg utan opphald, og vart ferdig 8 mnd etter opprinneleg frist.

## 4 HMS

### 4.1 TILTAK

- Aktiv bruk av SHA-plan (plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø) utarbeidd av Nordplan.
- Eigen HMS-plan utarbeidd av entreprenør og rutiner for å følgje opp denne.
- Vernerunder kvar 14. dag.
- Dagleg oppfølging på byggeplass av entreprenørs formann.
- Jamleg oppfølging på byggeplass av byggherres prosjektleiar.
- Fokus på HMS i alle byggemøter.

### 4.2 VURDERING HMS

Byggherre erfarte at entreprenør hadde eit profesjonelt forhold til HMS, med eit velfungerande internkontroll-system. Det vart gjennomført vernerunder og SJAer (sikker-jobb-analyse). Det var også rutiner på RUH (rapport om uønska hending).

For det meste tilfredsstillande sikring av anleggsplass. I brakkerigg var naudsynte HMS-dokument på plass. På generelt grunnlag har anleggsplassen stått fram som ryddig og oversiktleg. Entreprenør har hatt gode rutiner på personleg verneutstyr. Ev. HMS-merknader frå byggherre vart suksessivt teke tak i og lukka.

## 5 KVALITET

### 5.1 RUTINER FOR KVALITETSSIKRING AV SLUTTPRODUKT

Kontraksarbeidet er gjennomført etter NS 8405, og arbeidet var såleis detaljert beskrive på førehand, i både omfang, metode og utføring. Standarden inneheld krav til material og utføring. NS 8405 er eit godt verkemiddel for å ivareta kvaliteten på kontraksarbeidet, så lengje den vert fylgt av entreprenør.

### 5.2 TILTAK

- Dagleg oppfølging på byggeplass av entreprenørs formann.
- Jamleg oppfølging på byggeplass av byggherre.
- Eigen post i mengdebeskriving, «Sluttdokumentasjon».
- Eigne postar for prøving, kontroll og klargjering av rør som er lagt ned.
- Byggemøte kvar 14. dag.
- Særmøte ved behov.
- Bruk av sjekklister.
- Endringar og bestillingar vart kommunisert skriftleg.
- Overtakingsprotokoll med oppfølging av mangelliste.

### 5.3 VURDERING AV KVALITET

Byggherre har fått eit bustadfelt i samsvar med prosjektert tiltak. I all hovudsak er området realisert etter teikningar og anbodsbeskriving. Ved overtaking av anlegg vart det gjennomført overtakingsforretning med grundig gjennomgang av kontraktsarbeid. Ev. merknader på kvalitet vart ført i ei mangelliste. Alle saker i denne lista er lukka. Det einaste ein ikkje er heilt nøgd med er val av kumlukk og glideringar. Desse medførte vanskar ved asfaltering og erfaringane er tatt med til seinare prosjekt.